

## Kva nå reiseliv?

Situasjonsrapport og moment til prognose for internasjonal turisme i  
Norge etter finanskrise i 2008-2009

Rolf Dahl

Avdeling for økonomi og språk



<b>TITTEL</b> Kva nå reiseliv?  Situasjonsrapport og moment til prognose for internasjonalt turisme i Norge etter finanskrisa i 2008-2009.	<b>NOTATNR.</b> 2/10	<b>DATO</b> 01062010
<b>PROSJEKTTITTEL</b>	<b>TILGJENGE</b> Open	<b>TAL SIDER</b> 40
<b>FORFATTAR</b> Rolf Dahl	<b>PROSJEKTTLEIAR/-ANSVARLEG</b>	
<b>OPPDRAAGSGJEVAR</b>	<b>EMNEORD</b> Overnattingsstatistikk, internasjonalt turisme, feriereelatert trafikk	
<b>SAMANDRAG</b> Gransking av offisiell norsk overnattingsstatistikk syner at reiselivet i Norge hadde ein nedgang på omlag 600 000 overnattingar eller 2% av ein total på 28,6 mill frå 2008-2009. Det er knapt mogleg å sjå spor etter den globale finanskrisa i dei offisielle produksjonstala til overnattingsbedriftene. Alt er tilsynelatande vel i bransjen og ein kan føre etablert praksis og politikk vidare som om ingenting har hendt. Spørsmålet som blir reist her er om ei grundigare gransking vil gje same konklusjon. I dette notatet presenterast resultatane av ei alternativ og meir kritisk gransking av produksjonsdata for reiselivsnæringa i Norge. Det er tale om eit lengre perspektiv og meir segmenterte data enn det som vanlegvis blir lagt til grunn for vurderingane. Granskinga syner at situasjonen er langt svakare og utviklinga mykje dårlegare i mange viktige marknadssegment enn det som kjem fram i ordinær offentleg informasjon.		
<b>PRIS</b>	<b>ISSN</b>  0806-1696	<b>ANSVARLEG SIGNATUR</b>

## **Forord**

Etter å ha jobba med overnattingsstatistikk i ei rad granskingar utviklinga i reiselivsnæringa, utviklinga av turisttrafikken og som tema og rettesnor for mange vurderingar i reiselivsstudiet gjennom 20 år, legg eg med dette fram hovudpunkta i det opplegget eg har utvikla gjennom åra for å få mest mogleg ut av statistikken og noko av dei data som kjem fram på den måten.

Datagrunnlaget for granskinga er heilt og fullt å finne i Statistikkbanken om overnatting hjå Statistisk Sentralbyrå. Dei har lagt store datamengder vel til rette for elektronisk eksport: [http://statbank.ssb.no/statistikkbanken/Default\\_FR.asp?Productid=10.11&PXSid=0&nvl=true&PLanguage=0&tilside=selecttable/MenuSeIP.asp&SubjectCode=10](http://statbank.ssb.no/statistikkbanken/Default_FR.asp?Productid=10.11&PXSid=0&nvl=true&PLanguage=0&tilside=selecttable/MenuSeIP.asp&SubjectCode=10)

Arbeidet er ein utprega soloinnsats, men eg vil nytte høvet til å takke kollegaene Johannes Idsø, Harald Slettvold og Birgitta Ericsson for oppmuntring og gode kommentarar.

Sogndal, 7, juni 2010.

## **Innhald**

Innleiing .....	1
Nærare om nokre metodiske problem .....	2
Separasjon av data for hotellovernattingar på basis av sesong- og marknadskriteria. ....	2
Har Statistisk Sentralbyrå kontroll på overnatningsstatistikken?.....	3
Stipulerte overnattingstal i campingstatistikken. ....	4
Nærare om dei ulike trafikksegmenta .....	5
Samanhengane mellom reisandekategori og overnatningsmåte.....	5
Data om trafikken frå dei viktigaste marknadsområda .....	7
Tyskland: Negativ langtidstrend .....	7
Svake tal for Danmark.....	8
Tilbakegang i trafikken frå Sverige.....	9
Nederland held koken.....	10
Storbritannia: Vekst før samanbrot .....	11
Langsam utfasing av ferietrafikken frå USA?.....	13
Stabil låg trafikk frå middelhavslanda .....	14
Trafikken i eit konkurranseperspektiv.....	15
To kritiske spørsmål .....	17
Tilvisingar .....	18
Tabellvedlegg .....	19
Tabell V1 Overnattingar i norske hotell 1994-2009 .....	19
Tabell V2 Yrkesrelaterte overnattingar i norske hotell 1994-2009.....	20
Tabell V3 Ferie- og fritidsrelaterte overnattingar i norske hotell 1994-2009 .....	21
Tabell V4 Ferierelaterte overnattingar av turistar frå USA i norske hotell 1994-2009 ..	22
Tabell V5 Norske overnattingar i norske reiselivsanlegg 1999-2009 .....	23
Tabell V6 Utanlandske overnattingar i norske reiselivsanlegg 1999-2009 .....	24
Tabell V7 Danske overnattingar i norske reiselivsanlegg 1999-2009 .....	25
Tabell V8 Svenske overnattingar i norske reiselivsanlegg 1999-2009 .....	26
Tabell V9 Tyske overnattingar i norske reiselivsanlegg 1999-2009.....	27
Tabell V10 Britiske overnattingar i norske reiselivsanlegg 1999-2009.....	28
Tabell V11 Nederlandske overnattingar i norske reiselivsanlegg 1999-2009 .....	29
Tabell V12 USAmerikanske overnattingar i norske reiselivsanlegg 1999-2009 .....	30
Tabell V13 Franske overnattingar i norske reiselivsanlegg 1999-2009.....	31
Tabell V14 Spanske overnattingar i norske reiselivsanlegg 1999-2009 .....	32
Tabell V15 Italienske overnattingar i norske reiselivsanlegg 1999-2009.....	33

## Samandrag

Reiselivsnæringa har kome seg gjennom det første året etter at finanskrisa slo til hausten 2008. Det har gått betre enn ein kunne frykte, ser det ut til. Hotellstatistikken syner rett nok ein nedgang i overnattingstala på omlag 600 000 (frå 18,2 mill til 17,6 mill eller minus 3,5 %) frå 2008 til 2009, men det er langt betre enn prognosane som vart presenterte for eit år sidan. Campingtrafikken har enda betre totaltal og held seg på 8,6 mill overnattingar både i 2008 og 2009. Det syner seg likevel at ein viss auke i campingvogner på "sesongkontrakt" dekkar over ein nedgang på omlag 3% i den eigentlege campingtrafikken. Norske vandrarheimar måtte sjå overnattingstala gå ned med 4% til omlag 320 000 medan hytteutleige i såkalla "hyttegrender" gjekk opp med 7% frå 1,4 mill overnattingar i 2008 til 1,5 mill i 2009.

Summert er det tale om ein nedgang på vel 600 000 overnattingar eller 2% av ein total på 28,6 mill overnattingar i norske reiselivsbedrifter. Det er altså knapt mogleg å sjå spor etter den globale finanskrisa i dei samla produksjonstala til norske overnattingsbedrifter.

Dette gjer at ikkje ein gong finanskrisa gjev næringa, næringsdepartement eller reiselivsorganisasjonane impulsar til å sjekke om situasjonen verkeleg er så god at det berre er å gå vidare som om ingenting har hendt og alt er under kontroll og i dei beste hender.

I dette notatet presenterast resultata av ei alternativ og meir kritisk gransking av produksjonsdata for reiselivsnæringa i Norge. Det er tale om eit lengre perspektiv og meir segmenterte data enn det som vanlegvis blir lagt til grunn for både overordna og meir avgrensa vurderingar.

Granskninga syner at situasjonen er langt svakare og utviklinga mykje dårlegare i mange viktige marknadssegment enn kva som sit att etter år med kortsiktig og usegmentert offentleg informasjon. Her er nokre hovudpunkt:

Overnattingstala for ei rad viktige utanlandske marknader har gått dramatisk ned både i hotell- og campingsektoren dei siste 10-15 åra. Danske hotellovernattingar i Norge er redusert frå ca 1 million i 1995 til vel 500 000 i 2009. Det er tale om ein nær ubroten nedgang på 30 000 overnattingar pr år i 15 år. Den viktigaste utanlandsmarknaden for reiselivet i Norge, Tyskland, hadde ein heilt tilsvarande nedgang, frå 1 115 000 hotellovernattingar i 1994 til 665 000 hotellovernattingar i 2009. USA som stod for 460 000 hotellovernattingar alt i 1987, har vore ustabil i alle åra etter og variert frå 280 000 i 1991 til ein topp på 400 000 i OL-året 1994 og ein ny topp på 430 000 i vårt referanseår 1999. Etter det har hotelltala for USA gått ned med i gjennomsnitt 15 000 pr år fram til 2009 då det berre vart registrert 250 000 amerikanske overnattingar i norske hotell. Dette betyr at dei tre viktigaste marknadene for reiselivet i Norge har hatt ein nedgang på nær 1/3 dei siste 15 åra.

Svenskane og britane har som to andre tunge nasjonalitetar i norsk reiselivsstatistikk litt penare tal, men også her er det tale om nedgang. Av dei tradisjonelle marknadene er det berre Nederland som held oppe trafikken så langt inn på 2000-talet.

Det som kan ha vore med og teke fokuset vekk frå desse deprimerande utviklingsdraga kan vere at fleire "nye" marknader som Frankrike, Spania og Italia i Europa og, i dei seinare åra, Sør-Korea og Kina har åpna seg med ein ganske omfattande trafikk som resultat. I tillegg har det vore ein viss vekst trafikken frå Aust-Europa.

Den viktigaste årsaka til at næringa tilsynelatande har kunna teke svikten i utanlandstrafikken med stor ro, er likevel og tvillaust at innanlandstrafikken har vokse så kraftig. Dette gjeld i første rekke andre sektorar enn hotellsektoren, men også der er det tale om ein monaleg vekst på omlag 250 000 overnattingar pr år dei siste 15 åra, eller 2,5% i høve nivået på 10 millionar

norske overnattingar (i 1994). I campingsektoren er det i første rekke sesongkontraktane som dreg opp (med + 43% dei siste 10 åra, men også ordinær norsk campingtrafikk i heimlandet har vokse med 15% i den same perioden. Auken i norske overnattingar i den nye kategorien "hyttegrender" slår likevel alle rekordar med 180% mellom 1999 og 2009. Det er rimeleg grunn til å tvile på at statistikken er heilt realistisk, men det er likevel ingen tvil om at hyttegrendene har hatt ein eventyrleg utvikling i mange marknader, også nokre av dei etablerte utanlands. Realismen i overnattingstala for hyttegrendene vil elles bli diskutert i eit eige punkt.

Turisttrafikken er samansett av mange ulike reisandeselement. Eitt hovudskilje går mellom yrkesrelatert trafikk og ferie- og fritidstrafikk. I hotellstatistikken er dette dekt inn ved at gjestane blir skilde etter formålet med opphaldet. I dei andre overnattingsskategoriane har det lite for seg å gjere slike skilje. Der er så godt som all trafikk ferie- og fritidsbasert.

I hotellsektoren har ferie- og fritidstrafikken helde seg stabil mellom 8,2 mill overnattingar i 1994 og 8,4 mill både i 2008 og 2009, men var oppe i 8,8 mill overnattingar i 2001 som høgst. Den yrkesrelaterte trafikken omfattar kategoriane kurs- og konferanseovernattingar og yrkestrafikk. Denne trafikken har auka jamt og trutt i fleire tiår og er nær dubla sidan 1985. I 1994 vart det registrert 6,5 mill yrkesrelaterte overnattingar i norske hotell og i 2008 var talet komen opp i 9,9 mill. I 2009 hadde talet gått ned 6% til 9,3 mill overnattingar, men det låg likevel nær opptil langtidstendensen på + 200 000 overnattingar pr år (3,3% auke pr år) frå og med referanseåret 1994. Vi må altså slå fast at yrkesrelatert trafikk har utvikla seg mykje betre enn ferie- og fritidrelatert trafikk i norske hotell dei siste 15 åra. Om dette også gjeld utanlandsk trafikk kan vi ikkje svare på slik utan vidare. Statistikken er nemleg ikkje presentert med formålssplitta nasjonsdata eller, for den del, nasjonsfordelt statistikk for dei ulike overnattingsskategoriane.

For å avhjelpe desse problema kan ein kombinere den informasjonen som trass alt ligg i hotellstatistikken med andre observasjonar, data frå andre kjelder og røynsle frå praksisfeltet for så å rekne seg fram til rimeleg pålitelege og realistiske data for nasjonsspesifikk yrkestrafikk og ferietrafikk til/i norske hotell. For å få dette til har vi nytta "normalmånadsmetoden". Denne er klargjort og vurdert i metoddelen til notatet.

Resultatet av formålsseparasjonane gjer det mogleg å slå fast at tala for den internasjonale ferietrafikken er enda svakare enn det totaltala for nasjonane tilseier. Dette skuldast at yrkesrelatert trafikk stort sett har hatt ei positiv utvikling. Yrkesrelaterte overnattingar i norske hotell nådde i 2008 ein topp på knapt 10 mill overnattingar. Ganske nøyaktig 75% av desse var norske. Innlandsk trafikk har ligge på det nivået i heile perioden. Veksten har altså vore "universiell". Dei nasjonsvise tala syner vekst i alle dei viktige marknadene på 50-100% i løpet av 15-årsperioden etter 1993 (1994-2008). Danmark skil seg ut med ein liten nedgang. I absolutte tal er det tale om ein auke 1,5 mill utanlandske yrkesrelaterte overnattingar i 1994 til 2,5 mill i 2008.

I 2009 gjekk norske yrkesrelaterte hotellovernattingar ned med knapt 500 000 eller 7%, medan utlendingane samla hadde ein svikt på 80 000 yrkesrelaterte overnattingar (-3% i høve 2008). Det inneber at dei norske kundane sto for heile 85% av svikten. 2009 var elles det einaste av dei 16 åra at samla (norsk og utanlandsk) yrkesrelatert hotelltrafikk gjekk ned i høve året før.

Talet på ferie- og fritidsrelaterte overnattingar i norske hotell heldt seg, men desse totaltala dekkar over ein markant overgang frå internasjonal til nasjonal trafikk. I den aktuelle perioden gjekk norske ferie- og fritidsovernattingar opp med 1,7 mill, frå 4,6 mill i 1994 til 6,3 mill i 2009. Det er tale om ein ubrotten framgang på 100 000 overnattingar pr år i snitt for heile perioden eller 2% pr år i høve startåret. Samstundes gjekk den utanlandske ferie- og

fritidstrafikken til norske hotell ned frå 3,5 mill overnattingar i 1994 til 2 mill i 2009. Her er det tale om ein samla nedgang 1,5 mill eller 40% i høve startnivået. Det er tale om ein ubroten nedgang på meir enn 80 000 overnattingar eller 2,3% pr år i perioden. Nivået for svenske og amerikanske ferie- og fritidsovernattingar er redusert med 67%. Nedgangen for tyske overnattingar er på 60% og trafikken frå Danmark og Frankrike er halvert. Storbritannia var lenge eit lyspunkt med stabile overnattingstal i dette segmentet, men frå 2008 til 2009 vart også talet frå denne marknaden halvert. Nederlandske og italienske turistar har også synt seg å halde nivået medan talet på spanske ferie- og fritidsovernattingar i norske hotell voks jamt og trutt fram til 2007. Etter det har to år med nedgang ført trafikken tilbake til nivået i 1998-99.


Tala for Danmark, Sverige og Tyskland er til ein viss grad prega av omleggingar av overnattingstatistikken, kan hende også av visse endringar i overnattingmønsteret til einskilde turistsegment. Dette er drøfta nærare i metodeavsnittet og i ein påfølgande del med gjennomgang av overnattingstala for kvar nasjon separat. Ingen ting av det som kjem fram der kan rokke ved denne konklusjonen:

Reiselivsnæringa i Norge har utan tvil vore utsett for ein dramatisk og så godt som ”universell” og svært langvarig nedgang i trafikken frå internasjonale ferie- og fritidsmarknader. Det er svært uheldig at dette ikkje kjem fram i offisiell statistikk og offentleg omtale av tilstanden og utviklinga i næringa.

Situasjonen gjer det nærliggande å reise ei heil rad spørsmål knytte til styringa av den offentlege innsatsen til støtte for reiselivet i Norge.



Figur 1 (jfr. tabell V 3)



## **Innleiing**

Reiselivsnæringa har kome seg gjennom det første året etter at finanskrisa slo til hausten 2008. Det har gått betre enn ein kunne frykte, ser det ut til. Det er i tilfelle heilt i tråd med røynslene frå tidlegare kriser og monalege endringar i rammevilkåra. Korkje mangedobling av oljeprisen, nedbygginga av ”jernetppet”, data- og internettrevolusjonen med store endringar i informasjonsflyten og handlemønsteret i reiselivsmarknadene, framveksten og forgrovinga av internasjonal terror, stadige krigar og konflikhtar, naturkatastrofar og miljøpessimisme, eller voldsame globale makroøkonomiske utsving, synest å ha særleg store verknader på etterspurnaden etter reiselivstenester. Så godt som alle granskingar syner at det stort sett er tale om små og nesten unntak mellombelse verknader. Aldri har tilfeldige hendingar, eller sjeldne storhendingar for den del, fått slike verknader at det har vore grunn til å revidere strategiar og taktikk i den norske reiselivspolitikken. Slik er det denne gongen og, og det er meir eit symptom enn ein manøver at Sogn og Fjordane reiselivsråd legg opp til å forlenge forvaltninga av ressursane frå Innovasjon Norge og fylkeskommunen etter mønster frå 1990 for ein ny periode frå 2009 til 2025<sup>1</sup>. Ingen har funne grunn til å tvile på at det er rett å forvalte dei ”lokale” reiselivsmillionane (på landsplan den årlege ”reiselivsmilliarden”) på same måte som før.

Eg har hatt overnattingsstatistikk på arbeidsplanen sidan 1980 i samband med ulike forskning og utviklingsprosjekt, men mest av alt som eit viktig tema i faget Internasjonal turisme som eg hadde ansvar for frå 1987-2005 på reiselivsstudiet ved Høgskulen i Sogn og Fjordane. Det innebar årvisst markering av at sjølv om offisiell overnattingsstatistikk gav eit stadig betre grunnlag for langsiktige analyser av produksjonen i eit stadig meir segmentert produksjonssystem (geografisk og med omsyn til produksjonsformene) og med stadig betre tidssegmenterte data, vart det gjort svært lite for å klarlegge viktige spørsmål som t d langsiktig segmentspesifikk marknadsutvikling. Det festa seg etter kvart eit inntrykk av at overnattingsstatistikken er noko byråkratar i WTO (Verdens turistorganisasjon), OECD, EU/EØS, Næringsdepartementet og Norges turistråd/Innovasjon Norge pressar bedriftene til å sende Statistisk Sentralbyrå. SSB er, på si side, nøgde med å legge data til rette for at forskarar, næringsorganisasjonar og reiselivsbedrifter kan gjere sine eigne analyser, medan byrået sjølv leverer kuriosa og nyhende til pressa som heilt rutinemessig bidreg med meldingar om avvik frå same månad i fjor og om utsikter for næraste månad/sesong, som regel på høgaste aggregeringsnivå, utanlandsk og norsk overnatting i norske reiselivsanlegg. Tredemølla, ritual og rutineåtfærd pregar sektoren.

Dette notatet tek sikte på å syne noko av det ein kan få, og burde ha fått, ut av eit omfattande, arbeidskrevjande og, vil eg tru, ganske kostbart opplegg for innsamling av produksjonsdata for tusenvis av små og litt større reiselivsbedrifter i Norge. Ved hjelp av uortodoks databehandling kombinert med nokre tillærte og utprøvde forenklingar av materialet blir det mogleg å seie mykje om internasjonal etterspurnad etter norske reiselivstenester som ikkje har vore offentleg kjend tidlegare. Materialet kan kaste lys over ei rad uavklarte spørsmål. Nokre av dei blir tekne opp direkte, andre må vente til eit seinare høve.

Notatet startar med ein gjennomgang av nokre sentrale statistiske metodespørsmål før det blir gjort greie for nokre turistfaglege observasjonar som kan nyttast til å nyansere analysane av statistikken. Hovudinnhaldet i notatet er ein gjennomgang av nasjonsvise overnattingsdata.

---

<sup>1</sup> Basert på 1. utkast pr 22.sept. 2008 av Arbeidsdokument for digital tilbakemelding administrert av prosjektleiar Ståle Brandshaug på stale.brandshaug@hisf.no. Eg har ikkje funne slutført og vedteke plandokument.

## **Nærare om nokre metodiske problem**

### **Separasjon av data for hotellovernattingar på basis av sesong- og marknadskriteria.**

For å avhjelpe problema knytte til at ein ikkje veit kva formål eller motiv ulike nasjonalitetar, inkludert dei norske gjestane, har for å overnatte i norske hotell, kan ein kombinere den informasjonen som trass alt ligg i hotellstatistikken med andre observasjonar, data frå andre kjelder og røynsle frå praksisfeltet for så å rekne seg fram til rimeleg pålitelege og realistiske data for nasjonsspesifikk yrkestrafikk og ferietrafikk til/i norske hotell.

Metoden har mykje til felles med ”normalmånadsmetoden” (Ølnes, 1980) som eg har nytta i ei årrekke for å finne fram til eit realistisk uttrykk for innslaget av ”turisttrafikk” i køyretøytala frå vegtellingar og ferjestatistikk (Dahl, 1993). ”Normaltrafikk” blir definert som det trafikknivået vi ville hatt om det ikkje hadde eksistert turistar og årstider med så vanskelege køyretilhøve at det hemmar normaltrafikken. Røynsle og ulike granskingar tilseier at trafikken i oktober typisk er rimeleg fri for begge elementa. Difor definerer vi oktobertrafikken som normal månadstrafikk. I månader som har meir trafikk enn oktober blir overskotet definert som turisttrafikk. I månader som har mindre trafikk enn oktober blir avviket definert som ”vegring”. Her blir registrert trafikk lik normaltrafikk minus vegring og turisttrafikken blir pr definisjon sett lik 0. I den grad trafikkbildet er påverka av vinterturisme vil det innebere ei undervurdering av både turisttrafikken og omfanget av vegring i normaltrafikken. Det betyr at normalmånadsmetoden eignar seg dårleg vinterstid i regionar med monaleg vinterturisme. I andre regionar er problemet marginalt og utanom vintersesongen skulle metoden eigne seg i alle regionar.

Overnattingsstatistikken for hotell er i utgangspunktet betre eigna for slike separasjonskalkylar enn vegtrafikken fordi han allereie har splitta totaltrafikken i ferie- og fritidstrafikk og yrkestrafikk (yrkestrafikk + kurs- og konferansetrafikk reknast saman). Totaltala syner at yrkestrafikken er rimeleg jamt fordelt over året medan ferie- og fritidstrafikken har ein markert topp i sommarmånadene og ein viss topp på etterjulsvinteren mot påske. Elles i året syner statistikken ein ikkje ubetydeleg fritidstrafikk. Det er så å seie eit innslag av ferie- og fritidstrafikk i ”normaltrafikken”. Difor må vi gjere ein vri og finne fram til nasjonsspesifikk ”månadnormal” i yrkestrafikken. Dette oppnår vi ved å gå ut frå at norske hotell har minimalt av utanlandsk ferie- og fritidstrafikk i oktober månad. Sjølv alle svenske og danske overnattingar i norske hotell i oktober bør/må ha hatt eit anna formål enn ferie- eller fritidsaktivitet, og langvegsfarande gjester frå USA, Japan, Spania, Italia og Frankrike kjem utvilsamt av yrkesrelaterte grunnar og får sine opphald betalte av oppdragsgjevar. I alle høve gjer vi berre små feil ved å sjå utanlandsk oktobertrafikk som utanlandsk yrkestrafikk. Dette ser vi m a av at overnattingstala for andre månader i ”lågsesongane” ligg rimeleg nær oktobertala. Vidare vil det, for dei fleste nasjonalitetane, vere tale så liten yrkestrafikk at det berre ville gjere små utslag i tala for ferieovernattingar om det, mot høge odds, skulle syne seg at føresetnaden var svært feilaktig. Dette poenget er også eit viktig argument mot å bry seg med å finne ut av kor mykje ferieavvikling i sommarsesongen reduserer yrkestrafikken i høve månadnormalen. I høve dei, etter måten, høge tala for ferieovernattingar i den same sesongen, vil feilmarginane knytt til anslaga for yrkestrafikken vere marginale. Etter dette vere uproblematisk å rekne nasjonsvise ferie- og fritidsovernattingar i norske hotell som differansen månad for månad mellom registrerte overnattingar og talet på overnattingar i oktober. Positive differansar er pr definisjon ferie- og fritidsovernattingar. Negative differansar tyder at det ikkje ligg føre ferie- og fritidsmotiverte hotellovernattingar den aktuelle månaden. Då vil alle registrerte overnattingar pr definisjon bli rekna som yrkesrelaterte.

Tabell V4 syner resultatet av normalmånadsseparasjon av ferieovernattingane frå tala for amerikanske overnattingar i norske hotell etter 1989.

Når det gjeld fordelinga av norske hotellovernattingar på dei to formålskategoriene blir det vanskeleg å nytte normalmånadsmetoden fordi begge kategoriene gjer seg gjeldande året rundt. Problemet let seg løyse ved utnytte det faktum at vi kjenner både totaltala og summen av utanlandske overnattingar i dei to kategoriene. Då finn vi lett summen av norske yrkesrelaterte hotellovernattingar ved hjelp av differansen mellom tala for yrkesrelaterte overnattingar i den offisielle statistikken og summen av alle utanlandske yrkesrelaterte overnattingar kalkulert ved "normalmånadsmetoden, månad for månad, sesong for sesong og eller år for år. Etter det er det lett å finne data for det norske innslaget i ferie- og fritidsbaserte hotellovernattingar: Norske hotellovernattingar minus norske yrkesrelaterte hotellovernattingar er lik norske ferie- og fritidsrelaterte hotellovernattingar, månad for månad, sesong for sesong og år for år.

Det kan vere grunn til å understreke at det ikkje er tale om ein eksakt metode. Resultata kan vere offer for både tilfeldige og systematiske feil, men dei er neppe så store at det er grunn til å tvile på hovudresultata. Vidare må det vere klart at det finst andre metodar for å avklare dei aktuelle spørsmåla og at desse kan føre til litt andre resultat, utan at dei er meir rette, presise eller pålitelege. Det er berre betre utnytting av databasen i norske hotell, eventuelt også hjå Statistisk sentralbyrå, som kan avklare spørsmåla meir presist og påliteleg.

### **Har Statistisk Sentralbyrå kontroll på overnattingsstatistikken?**

Innføringa av separat statistikk for hyttegrender i 1998 skapar ein viss tvil om konsistensen i resultatata. Dette skuldast dels at det kan sjå ut til at nokre anlegg har vore med i statistikken for campingplassar eller i hotellstatistikken før dei vart tekne inn som hyttegrender. Dette gjeld også i åra etter 1998 med ein kraftig vekst i talet på hyttegrender og hytteeiningar. Det er sant å seie vanskeleg å tru heilt på at fylka Oppland, Hedmark og Sogn og Fjordane har hatt ein markant vekst i denne sektoren medan andre fylke ikkje har hatt det. Sjølv ikkje Buskerud, med fleire store hytteanlegg knytt til hotellbedrifter m a i Hallingdal og Hemsedal, kan oppvise ei utvikling som dei nemnde fylka. Dette kan vere rett og ha ei logisk forklaring, men kan og vere ein indikasjon på at veksten i hyttesektoren til ein viss grad kan førast tilbake til bedriftsregisteret til SSB. Om det er tale om overføring frå camping- og hotellsektorane til hyttegrendstatistikken vil det medføre konsistensproblem i statistikken til dei alle. Om det er tale om å "oppdage" ny kapasitet som har vore urapportert er det "berre" tale om ein viss overvurdering av veksten i den nye sektoren. SSB bør gjennomføre ei gransking med sikte på å avklare realitetane i bedriftsbasen for hyttegrender.

Ei anna kjelde til uvisse ligg i at statistikken for camping og hyttegrender opererer med utleigeeiningar og ikkje overnattingar som produksjonsmål. Så blir utleigeeiningar som hyttedøger, romdøger og bubildøger m v omgjort til persondøger (=overnattingar) ved hjelp av høvetal. Etter ei gransking for snart 30 år sidan (referert i Granseth, 1993) har ein nytta faktoren 3 personar pr eining anten det er tale om camping for barnefamiljar på Austlandet eller campingtrafikk prega av vaksne utan barn på Vestlandet og i Nord-Norge. Frå 2004 har SSB tillate hyttegrendene å nytte sine egne høvetal, men det er uklart kor mange som har gjort dette og kor høgt dei einkilde går. Denne praksisen gjer det, mildt sagt, vanskeleg å stole på at overnattingstala er pålitelege. Difor burde byrået også publisere ein eigen statistikk for einingsdøger, slik dei gjer for sesongkontraktar i campingsektoren, eller gjere som i campingsektoren elles, nemleg å operere med faste og kjende høvetal.

Her har vi gått ut frå at talet på einingsdøger pr hytte heldt seg konstant frå 2003 til 2004, og då kan vi lett rekne ut at hyttevertane må ha gått opp frå 3,1 til 4,5 overnattingar pr eining for

å kome opp dei publiserte overnattingstala for 2004. For å fjerne i det minste ein systematisk hindring for kontinuiteten i hyttestatistikken har vi rekna oss tilbake til einigsdøger i statistikken for åra før 2004 og blåse dei opp med 4,5 til ”overnattingar”. Så får vi berre vone at hyttesektoren ikkje har nytta høvet til å pynte ytterlegare på statistikken sin i åra etter 2004.

Dette finn vi ikkje ut av utan å få tilgang til data på einingsnivået.

Eit siste punkt eigna til undring er ein påfallande stabilitet i utnyttingstala for hytteeiningane, ganske uavhengig av kor mange hytter som inngår i statistikken. Det inneber eitt av tre, anten er det tale om overflytting av anlegg som er vel innarbeidd frå campingsektoren (eller hotellsektoren), eller så må det stå 60 turistar klare til å fylle kvar ny hytte i til saman 12-13 veker i året, frå første driftsår. Det er helst ganske urealistisk. Kvar ny hyttegrend må innarbeide seg på marknaden og treng tid før det kan bli snakk om full utnytting i heile sesongen. Ei tredje forklaring kan vere at statistikken er ”fiksa”, at ”nye” anlegg i statistikken er oppført med gjennomsnittleg utnytting medan ein ventar på at rapporteringsrutinar o a skal kome på plass<sup>2</sup>.

### **Stipulerte overnattingstal i campingstatistikken.**

Sesongkontraktane er eit særleg usikkert punkt i campingstatistikken. Statistisk Sentralbyrå registrerer kor mange kontraktar den einskilde campingplassen har, månad for månad, for så rekne seg fram til kor mange overnattingar det er tale om. Statistikken syner ein auke i talet på sesongkontraktar frå 16000 sommaren 1998 til 26000 sommaren 2009. Vinter og haust er det tale om ei dobling frå omlag 5000 til 10000 sesongkontraktar. På årsbasis er det tale om ein auke frå 110000 månadskontraktar til 200000 månadskontraktar. Ein kontroll av dei stipulerte overnattingstala syner at det i gjennomsnitt vart rekna med 212 overnattingar pr kontrakt i 1998 og 168 overnattingar pr kontrakt i 2009. Det inneber at utnyttinga av gjennomsnittskontrakten er redusert frå 10 veker med 3 personar i 1998 til 8 veker med 3 personar i 2009.

---

<sup>2</sup> Jfr pkt 3.6 Berekingar i notatet Om statistikken på <http://www.ssb.no/overnatting/om.html>

## Nærare om dei ulike trafikksegmenta

### Samanhengane mellom reisandekategori og overnattingsmåte

For å få betre grep på andre sider ved turiståtferda enn val av destinasjon(ar) og overnattingsmåte som t.d. val av reisemønster, opphaldstype og aktivitetsmønster, burde vi hatt tilgang til meir detaljert og tilrettelagt statistikk enn det Statistisk Sentralbyrå har å by på.

Også desse problema kan ein avhjelpe ved å kombinere den informasjon som trass alt ligg i overnattingsstatistikken med observasjonar, data frå andre kjelder og røynsle frå praksisfeltet. Då blir det mogleg å rekne seg fram til rimeleg pålitelege og realistiske data for omfanget og lokaliseringa av hovudkategoriane rundreiseturisme og opphaldsturisme.

Rundreiseturistar og stasjonærturistar er kontrastgrupperingar innan turiståtferd (jf t.d. Flognfeldt 1995 og Gunn 1997). *Rundreisene* er kjenneteikna av at sjølve reisa tek mykje av tida, reisinga er den dominerande aktiviteten nær sagt kvar einaste dag på turen. Den einskilde staden får lite å seie, dei aller fleste stader fungerer berre som "kulisser" sett frå bilvindaug. Berre av og til blir ein stad utnytta til oppleving eller service. Då er det tale om stopp i nokre minutt ved spesielle attraksjonar, ein time eller to i samband med lunsjstopp, eller 12-15 timar med middag, litt "fritid", overnatting og frukost. Det er avsett lita tid til å "utforske" lokale attraksjonar, og turistane har vanlegvis ikkje behov for å oppsøke lokale servicetilbod utanfor hotellet eller campingplassen der dei bur. Rundreiseturistar bur vanlegvis ikkje i utleiehytter m.v. som blir leigde ut på vekebasis, men dei kan sjølvsagt gjeste turistar som bur slik. Det vil i tilfelle ikkje slå ut i statistikken for kommersiell overnatting.

Gruppereiser med buss er ei viktig grein av denne reisandekategorien. Ho er prega av at det er turoperatørane som utformer reisene og inngår avtale med viktige leverandørar (flyselskap, ferjeselskap, hotell og attraksjonar). Granskingar av turprogramma syner at denne kategorien så godt som utelukkande overnattar i hotell. Fram til midten av 1980-talet opererte SSB med ein eigen kategori for gruppeturistar i hotellstatistikken. Med tanke på korleis denne skil seg frå turistar som reiser individuelt, er det god grunn til å klage på at opplegget vart endra. Nå er vi ute av stand til å nytte overnattingsstatistikken til å avklare om svikten i ferietrafikken er ulikt fordelt på dei to kategoriane. Det vi kan gjere er å utnytte det faktum at nokre nasjonalitetar berre bur på hotell. Dei er så godt som fråverande i campingstatistikken. Dette gjeld m.a. turistar frå USA, Japan, Korea, Spania, Italia og Frankrike.

Den andre hovudkategori turistar, stasjonærturistane, dreg på resortreiser (Flognfeldt 1995:74). Dei reiser heimanfrå med sikte på å ta opphald på ein stad ei viss tid (meir enn eit døger) før dei reiser heim att. Desse *bur, er og lever* meir enn dei *ser, lærer* og "*opplever*". Somme *gjer* mykje, andre *gjer* lite. Resortturistane bur sjeldan i norske hotell. Her i landet nyttar dei seg av eigne hytter, bur privat hjå slekt og vener eller leiger seg husrom med "tilgang kjøken". (I "syden" er det derimot meir vanleg å bu på hotell med frukost og utstrakt bruk av restauranttenester i "resorten").

I høve overnattingsstatistikken ville det vore nærliggande å karakterisere alle som leiger husrom på vekebasis for stasjonærturistar. Overnattingar i utleiehytter og hyttegrender burde kunne bli klassifisert som opphaldsturisme. Sidan det kan sjå ut til at deler av hyttegrendene er høgstandard campinghytter er det grunn til å tru at denne kategorien også blir nytta til korttidsopphald (dvs "rundreiseturisme"), vil det vere upresist å gå ut frå at det er tale om berre langtidsopphald, men vi har ikkje anna å gjere. I framtida burde SSB finne fram til eit opplegg som gjer det mogleg å skilje overnattingstala på langtids- og korttidsopphald. Her kan det vere eit poeng å peike på at overestimeringa av opphaldsturisme i hyttegrendstatistikken kan vere med og balansere for den underestimeringa av slike opphald

som oppstår når vi klassifiserer all hotell- og campingovernatting utanom camping på sesongkontrakt som rundreiseturisme. Camping på sesongkontrakt er sjølvsagt opphaldsturisme, sjølv om monalege deler av utnyttinga kan vere weekendturar. Tilsvarende vil det vere grunn til å klassifisere vinterturismen som ”opphaldsferie” anten overnattingane går føre seg i hotell eller andre overnattingskategoriar. Det er altså berre sommarstid at ferieovernattingar i norske hotell og campingplassar blir klassifisert som rundreiseturisme.

## **Data om trafikken frå dei viktigaste marknadsområda**

Tradisjonelt har grannelanda Sverige og Danmark vore viktige marknader for norske reiselivsaktørar saman med Nederland og Storbritannia, men Tyskland har i mange tiår vore aller størst og viktigast for alt utan vinterturismen. Det følgjande er ein gjennomgang av situasjonen og utviklinga av trafikken frå dei viktigaste marknadsområda så langt vi pr dato kan kome ved hjelp av overnatningsstatistikken.

### **Tyskland: Negativ langtidstrend**

Langtidstrenden for tyske overnattingar i kommersielle anlegg i Norge har vore negativ sidan 1994. Volumet har gått ned med gjennomsnittleg 35 000 overnattingar pr år i dei 15 åra. Totalt er det tale 0,5 mill overnattingar, eller 25% nedgang i trafikken. Talet på tyske turistar har gått ned med omlag 75 000, frå 300 000 i 1995 til 225 000 i 2009. I OL-året 1994 var det ganske nøyaktig 100 000 fleire tyske turistar i landet enn det vi kan rekne med i år.

I tabell V9 presenterer vi meir detaljerte data frå Statistisk Sentralbyrå for åra etter 1998 med våre eigen splitting av hotellstatistikken i yrkesrelaterte og feriebaserte overnattingar. Det syner seg at den yrkesrelaterte trafikken har hatt ein svak stigning etter 1994 (i gjennomsnitt 1,2% i året i høve startnivået på knappe 200 000 overnattingar), men at det har vore relativt store avvik frå trenden med 150 000 overnattingar i 1999 som lågaste tal og vel 250 000 på det høgaste i 1997 og i 2004. I dei siste fem åra har den yrkesrelaterte tyske trafikken ligge relativt stabilt mellom 215 000 og 235 000 overnattingar. I 2009 ligg den yrkesrelaterte trafikken frå Tyskland 30 000 overnattingar eller 16% høgare enn i 1999. Feriebaserte overnattingar har gått ned med heile 350 000 i den same perioden, frå 1.7 mill i 1999 til 1,35 mill i 2009. Hotell og vandrarheimar har ein nedgang på 255 000 overnattingar og campingsektoren syner ein nedgang på 135 000 tyske overnattingar medan hyttegrendene har oppnådd 43 000 fleire overnattingar i 2009 enn i basisåret 1999. Kor mykje av dette som er eit resultat av endra statistikk er det uråd å seie utan nitide granskningar, men vi vil tru at det aller meste av auken i hyttegrendene er henta ut frå camping- og hotellsektorane.

Sommarsesongen står for meir enn 90% av dei tyske ferieovernattingane i Norge. Dette gjeld sjølv om nedgangen i vintertrafikken er relativt marginal og ferietrafikken i november og desember ligg høgare på slutten av 2000-talet enn ti år tidlegare. For alle praktiske formål er det sommartrafikken som går ned og, som ein følgje av overflyttinga frå camping- og hotellsektorane til overnattingar i hyttegrender, vil det vere slik at tysk opphaldsferie aukar med 50 000 overnattingar (+60%) sommarstid i perioden 1999 til 2009 medan tysk rundreisetrafikk gjekk ned med 350 000 overnattingar (- 25%). Her må vi understreke at tala for det første er svært usikre med omsyn til kor stor del av oppgangen i hyttesektoren som faktisk berre er flytta frå dei andre to, og for det andre at det er svært usikkert kor stor del av hyttetala som faktisk er basert på vekesopphald sommarstid. Det er i alle høve tale om maksimal utteljing for opphaldsturisme fordi all trafikk som var inne i camping- og hotellstatistikken vart klassifisert som rundreiseturisme sjølv om det, i det minste delvis, var tale om "langtidsutleige" og opphaldsturisme, medan all overført trafikk pr definisjon blir klassifisert som opphaldsturisme sjølv om ein viss del av sommartrafikken i hyttegrendene framleis er basert på korttidsopphald. Så lenge rundreiseturismen er så dominerande frå den tyske marknaden er det elles lita trøyst i at norsk opphaldsturisme synest å ha betre grep på sitt segment enn rundreisene har i sitt segment.

Når vi tek fram fylkesvis tal for tyske ferieovernattingar vinterstid syner det seg at i 2009 sto Oppland for 36%, Buskerud for 15 % og Hedmark og Aust-Agder for omlag 10% .



Ferietrafikken sommaren 2009 frå Tyskland omfatta omlag 195 000 turistar som gjennomførte vel 1.25 mill overnattingar. 305 000 overnattingar vart gjennomført i Nord-Norge. Omlag 35 000 overnattingar vart gjennomført i hyttegrender. Det inneber at omlag 5000 tyskarar var på opphaldsferie i dei to landsdelane sist sommar. Dei resterande 270 000 overnattingane kom mest truleg på rundreise. Om vi reknar at turistar på rundreise legg 5 overnattingar i landsdelen (resten blir lagt i Sverige, Finland og Sør-Norge), er det altså tale om omlag 55 000 tyske turistar på rundreise. For å oppnå tala i statistikken må 50 000 av desse ha overnatta ei natt i Finnmark, 45 000 ei natt i Troms og alle 55 000 to netter i Nordland i tillegg til at dei har overnatta 65 000 gongar i Trøndelag. (Alle 55 000 turistar må ha overnatta ei natt andre stader for at alle skal kome opp i ein 7-dagars tur).

Av dei 935 000 overnattingar som tyske sommarturistar la att sør og vest for Dovre sommaren 2009, kom 100 000 i hyttegrender. Det tilsvarar 14 000 turistar. Dermed står vi att med 835 000 overnattingar som for det meste skriv seg frå rundturar i landsdelen. Om vi reknar sju overnattingar pr tur er det tale om 120 000 turistar. Desse la 140 000 overnattingar i Hordaland, 135 000 i Sogn og Fjordane, 125 000 i Møre og Romsdal, 80000 i Oppland og 70 000 i Oslo og Rogaland. 215 000 overnattingar vart spreidde over resten av Sør-Norge. Reint statistisk overnatta altså alle tyske rundreiseturistar sommaren 2009 meir enn ei natt i kvart av dei tre fjordfylke Hordaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal, og meir enn halvparten av dei overnatta i Oslo, Rogaland og Oppland. Ein mindre andel overnatta i eitt eller fleire av i dei andre fylka.

Den yrkesrelaterte trafikken frå Tyskland gjekk i 2009 i all hovudsak til Oslo (43%), Akershus (7%), Hordaland (17%) og Rogaland (7%). 3 av 4 overnattingar gjekk føre seg i eitt av dei fire fylka.

## **Svake tal for Danmark**

Den danske marknaden gjer seg gjeldande i tre viktige reiselivssegment då han ved sida av den ordinære yrkestrafikken og typiske sommartrafikken også har bidrege til ein monaleg trafikk til norske vinterdestinasjonar opp gjennom åra. Danskane sto for 950 000 kommersielle overnattingar i Norge i 2009. 190 000 overnattingar var yrkesrelaterte, heile 475 000 var ferierelatert vintertrafikk og 230 000 ferierelatert sommartrafikk. I tillegg genererte danskane omlag 50 000 overnattingar i haustmånadene. Det aller meste truleg som juleferie.

Sommarferietrafikken har gått markert ned med 31% frå 335 000 overnattingar i 1999. Det er tale om ein kontinuerleg og ganske jamn nedgang på vel 9 500 overnattingar i året. Langtidstendensen er på -7 300 overnattingar eller 2,2% pr år i høve basisåret 1999. Om vi reknar at kvar dansk turist sto for 7 overnattingar kan vi altså slå fast at det kom meir enn 1500 færre danske sommarturistar til landet kvart år. For heile perioden er det tale om ein nedgang på 15 000 turistar frå omlag 48 000 i 1999 til 33 000 turistar i 2009.

Vintertrafikken går også tilbake, men i langt mindre målestokk. Det er tale om ein nedgang på 65 000 overnattingar frå 540 000 i 1999 til 475 000 overnattingar i 2009. Om vi stipulerer eit typisk vinteropphald til fem døger er det altså tale om ein nedgang i tal turistar på 13 000, frå 108 000 i 1999 til 95 000 i 2009. Litt av denne nedgangen blir kompensert av at talet på haust-/julegjestar frå Danmark auka frå omlag 5 000 i 1999 til omlag 10 000 i 2009.

Når det gjeld yrkesrelaterte hotellopphald skil Danmark seg frå ein markert tendens i internasjonal trafikk til Norge ved at det også er nedgang i desse tala. Det er rett nok tale om ein relativt marginal nedgang frå 220 000 yrkesrelaterte danske overnattingar i 1999 til vel 190 000 i 2009 eller vel 10%, men når nedgangen blir sett opp mot ein oppgang i same segment både frå Sverige (+20%), Nederland (+56%) og Tyskland (+16%), skulle det vere

klart at danskane skil seg ut. Dei viser påfallande mindre interesse for reiser til Norge, både yrkesrelaterte og ferierelaterte. Dette burde bli gjort til gjenstand for grundigare granskingar.

Den danske ferietrafikken til Norge vinterstid er sterkt prega av danske barnefamiljar på vinteropphald i dei "snille" fjella på Austlandet. Historisk har Nordseter/Sjusjøen, Gudbrandsdalskommunane og Valdres hatt mykje danske gjester vinterstid, og Oppland har framleis ein stor andel av denne trafikken. I 2009 var det tale om 36%. Buskerud hadde 24% av den danske vintertrafikken og Hedmark 19% det same året. Tek vi så med at Telemark har 10% og Aust-Agder 6% av den danske ferietrafikken den vinteren, kan vi altså slå fast at dei fem fylka, strengt teke er det vel berre tale om eit titals vintersportsområde, har 95% av trafikken frå grannelandet.

Den danske sommarferietrafikken etter måten relativt liten både samanlikna med trafikken frå Sverige, kontinentet og Storbritannia og i høve den store vintertrafikken frå landet. Vidare må vi kunne slå fast at kommunikasjonane med landet er dei best tenkelege og omfattar fleire ferjereiarlag og flyselskap som burde ha sterke interesser i å hente trafikk i Danmark, ikkje berre i Norge, men det er det ikkje mogleg å lese av besøkstala. Det er berre å slå fast at ferjesamband og flysamband med Vestlandet, Sørlandet, Vestfold og Oslo, frå nordaust og nordvest på Jylland og frå København i liten grad kan vere basert på dansk trafikk. Norge har ganske enkelt lite drag på danskane sommarstid. Det eller dei rundreiseprodukta som gjer seg så sterkt gjeldande for andre nasjonalitetar går gjennom flatbygder og dalføre på Austlandet til fjordane på Vestlandet og attende. Omlag 60% av danske ferieovernattingar i sommarsesongen 2009 vart lagt på desse rutene og det skulle tilseie at omlag 20 000 av 33 000 danske sommarturistar var på tradisjonell individuell rundreise i Sør-Norge. Dei andre kan dels ha vore på rundreiser til/i/gjennom Midt-Norge og Nord-Norge, (evt og Sverige) eller på opphaldsferie i dei austnorske fjella eller på kysten av Midt- og Nord-Norge.

Overnattingsstatistikken syner at hyttegrender på Aust- og Sørlandet oppnådde 23 000 danske overnattingar sommaren 2009. Kollegaene på Vestlandet måtte nøye seg med 3000 overnattingar og i Nord-Norge klarte ikkje hyttegrendene å kome opp i meir enn 700 danske overnattingar. Det skulle tilseie at 3000 danskar tok opphald i aust og sør, 500 i vest og 100 i nord medan 33 000 var på rundreise, 21 000 i Sør-Norge og 12 000 i Nord-Norge.

Når det gjeld yrkesrelatert trafikk frå Danmark, sto Oslo for heile 24% av produksjonen på 193 000 overnattingar i 2009. Telemark, Rogaland og Hordaland (alle med 9%), Akershus (7%) og Sør-Trøndelag (5%) er dei einaste andre fylka som sto for meir enn 5% av landsproduksjonen. Til saman har dei sju fylka omlag 75% av omsetnaden til yrkesrelatert dansk etterspurnad etter overnattingstenester i Norge

## **Tilbakegang i trafikken frå Sverige**

Sverige har vore nest største eller tredje største utanlandsmarknad for reiselivet i Norge dei siste 30 åra, med totale overnattingstal svingande rundt ein million. I referanseåret 1999 vart det registret 1 070 000 svenske overnattingar i Norge. Knapt 400 000 av dei var yrkesrelatert trafikk. Den ferierelaterte trafikken kom opp i 700 000 overnattingar fordelt på vel 200 000 i vintermånadene og vel 450 000 sommarstid. På 2000-talet har ferietrafikken gått kontinuerleg ned medan yrkestrafikken først gjekk ned før han tok seg kraftig opp i slutten av perioden. Botnpunktet vart nådd i 2004 med 280 000 overnattingar. Dei siste tre åra vart det registrert mellom 430 000 og 450 000 yrkesrelaterte svenske overnattingar i norske hotell. I 1009 låg

soleis tala 20% over tala i starten av tiåret. Ferietrafikken gjekk ned med 35%. Nedgangen ramma både vinter og sommar, verst i vintersesongen der nedgangen på knapt 100000 overnattingar tilsvarar 44% av nivået i 1999. Om vi reknar at vinteropphalda varte i fem døger inneber dette ein nedgang frå 43 000 svenske vinterturistar i 1999 til 25 000 turistar i 2009. Sommartrafikken gjekk ned med 150 000 overnattingar, frå 460 000 i 1999 til 310 000 i 2009. Dette tilsvarar ein reduksjon på 30%. Omrekna til turistar, noko som er meir problematisk i dette tilfelle enn for meir langvegsfarande gjester, er det tale om ein nedgang frå 66 000 til 44 000 svenskar på opphalds- og rundreiseferie i Norge. Totalt er det altså tale om ein nedgang frå 100 000 til omlag 70 000 turistar pr år.

Trafikken frå Sverige er konsentrert. I vintersesongen dreier det seg om Hedmark med 30% av ferieovernattingane (vinteren 2009), Oppland med 18% og Buskerud med heile 36% av svensktrafikken. Til saman sto vinterferieområda i dei tre fylka for 85% av svenske ferieovernattingar i vintermånadene. Sommarstid sto (i 2009) rundreisefylka i Sør-Norge for 60% av ferieovernattingane. Oppland var størst med 13% av overnattingane, Møre og Romsdal oppnådde 12% av svensktrafikken og Hedmark 9%. Dei andre bidragsytarane til rundreiseproduksjonen i Sør-Norge, Oslo, Buskerud, Hordaland og Sogn og Fjordane sto for mellom 7% og 5% av produksjonen. Det er grunn til å rekne med at det meste av desse tala skriv seg frå individuelt organiserte rundreiser men dei har også eit visst innslag av bussrundreiser. Trønderfylka og Nordland sto for 32% av dei svenske ferieovernattingane siste år.

Sommaren 2009 budde knapt 2000 svenskar i hyttegrender i Sør-Norge medan omlag 30 000 var på rundreise i landsdelen. I Midt- og Nord-Norge tilseier overnattingstala at 1000 svenskar hadde teke opphald i ei hyttegrend medan omlag 13 000 var på rundreise. Til saman er det altså tale om 3 000 svenskar på opphaldsferie og 42 000 svenskar på rundreise.

Når det gjeld yrkesrelatert trafikk frå Sverige, er det berre å slå fast at han er enda meir konsentrert geografisk enn dansk yrkestrafikk i 2009: Oslo sto for 39% av dei 450000 overnattingane i dette segmentet siste år, Akershus for 9% , Hordaland for 7% og Sør-Trøndelag for 7%. Dei fire fylka fekk meir enn 60% av trafikken. Ingen andre fylke kom opp til 5% av den yrkesrelaterte trafikken frå Sverige.

## **Nederland held koken**

Nederland var i 1999 den tredje største utanlandsmarknaden for overnattingssektoren i Norge, med knapt 600 000 ferierelaterte og 60 000 yrkesrelaterte overnattingar. Etterpå har det vore ein markant oppgang i yrkesrelaterte overnattingar, til omlag 100 000 dei to siste åra. Dette gjev ein langtidstendens på + 4 000 overnattingar eller 7,5% pr år. Ferietrafikken har også hatt ein overvegende positiv utvikling. Sommartrafikken auka frå 550 000 overnattingar i 1999 til 750 000 overnattingar i 2007 før det kom ein tilbakegang til 705 000 overnattingar i 2008 og 685 000 i 2009. Langtidstendensen er på +17 000 overnattingar eller 3,2% pr år i høve nivået i 1999.

Heile 90% av ferietrafikken frå Nederland går føre seg sommarstid, medan resten delar seg på juletrafikk og vinterferietrafikk. Vintertrafikken har gått litt ned medan juletrafikken syner ein liten oppgang etter årtusenskiftet. I 2009 var Nederland nest størst (nær halvparten så stor som Tyskland) og meir enn dobbelt så stor som den tredje største nasjonaliteten (Sverige) med omsyn til utanlandske sommarferie-overnattingar i Norge. Landet vil truleg alt i inneverande år gå forbi Danmark som nest viktigaste marknad for ferie- og fritidsovernattingar totalt.

Elles er det eit viktig poeng ved trafikken frå Nederland at det er så sterkt prega av individuelt organiserte rundreiser. Ut frå konvensjonen at det berre er dei som bur i utleiehytter som tek opphaldsferie er det berre tale om knappe 10% av overnattingane. Dei resterande 90% av

overnattingane er lagt til campingplassar og hotell. Alle campingovernattingane (nær 2/3 av alle sommarferie-overnattingar) og ein dominerande andel av nederlandske hotellovernattingar sommarstid er individuell rundreiseturisme. I det heile kan det vere eit interessant poeng at nederlendarane er så svakt representert med bussgrupper til Norge og at campingturistane står så sterkt.

Hyttegrendopphalda sommaren 2009 fordelte seg med 42 000 overnattingar (6000 turistar) på Sør- og Austlandet, 17 000 overnattingar / 2 500 turistar på Vestlandet og 5 000 overnattingar / 700 turistar i Midt- og Nord-Norge. Dei store overnattingstala kom i Sør-Norge der 76 000 nederlendarar på rundreise gjennomførte 530 000 overnattingar. Størst trafikk hadde Sogn og Fjordane med omlag 110000 nederlandske rundreiseovernattingar. Gjennomsnittsturisten hadde altså 1,4 overnattingar i fylket. Andre populære fylke blant dei nederlandske rundreiseturistane er Oppland, som hadde 79 000 overnattingar (1 pr turist), Buskerud (0,7 pr turist), Hordaland (0,9 pr turist) og Møre og Romsdal (0,7 overnattingar pr turist). I dei andre fylka hadde mellom 10% og 50% av nederlendarane vore innom på overnattingsstopp.

I Midt- og Nord-Norge var det ifølge overnattingsstatistikken knapt 20 000 nederlandske rundreiseturistar på ferde. Desse gjennomførte 26 000 overnattingar i Sør-Trøndelag, 10 000 i Nord-Trøndelag, 34 000 i Nordland, 10 000 i Troms og 13 000 i Finnmark. Her vil summen pr turist vere redusert til 5 overnattingar fordi det som regel vil vere naudsynt med overnattingar på veg til rundreiseområde som ligg så langt frå heimlandet til turistane. Tidlegare granskningar syner at det då er vanleg å la "transittreisa" vere ein del av rundreiseprogrammet og utgjere minst to overnattingar av ein vekestur.

Den yrkesrelaterte trafikken frå Nederland er fordelt omlag på same måte som tilsvarande trafikk frå andre land: 1/3 i Oslo, 1/3 til saman i Rogaland, Hordaland og Sør-Trøndelag og den siste 3-delen på dei andre 15 fylka.

## **Storbritannia: Vekst før samanbrot**

Trafikken frå dei britiske øyer syner ei annleis utvikling enn dei marknadene som det er referert til så langt. Frå 1999 og fram til 2008 var det ein viss vekst i tala for alle overnattingsformene, med 3% vekst for hotella som det svakaste resultatet og ei dobling av trafikken til hyttegrendene som den beste utviklinga. Normalmånadskalkylar av hotelldata indikerer riktig nok ein nedgang i ferietrafikken på omlag 20%, men denne vart meir enn kompensert av ein monaleg vekst i annan britisk trafikk til hotella. Frå 2008 til 2009 har vi diverre vore utsett for ein dramatisk nedgang i trafikken: Ferietrafikken til hotella vart halvert og campingtrafikken redusert med nær 30%. Annan trafikk til hotella syner ein svak nedgang og overnattingar i hyttegrender og vandrarheimar held seg stabile. Totalt er det tale om ein nedgang på 130 000 av i alt 300 000 britiske ferieovernattingar i Norge i 2008. Nedgangen er sjølvstapt eit resultat av finanskrisa, men i dette tilfellet ligg det også andre tilhøve bak: Fram til september 2006 gjekk det ferjeruter til Newcastle frå Kristiansand og Bergen/Stavanger. Då vart ruta frå Kristiansand lagt ned. Etter det hadde Fjord Line monopol med ruta Bergen-Newcastle, men fekk ho ikkje til å bere seg. I september 2008 vart sambandet lagt ned. Då vart det med eitt svært vanskeleg å reise frå Storbritannia til Norge for å ta seg ein rundtur i eige køyretøy, slik mange britar hadde gjort tidlegare.

Vintertrafikken frå Storbritannia varierte kraftig i heile perioden, med 44 000 som lågaste overnattingstal i 2000 og 78 000 overnattingar som høgaste tal i 2007. Her må ein truleg både ta omsyn til at einskilde år har hatt betre snøtilhøve enn andre, men og at det har gått føre seg endringar i sals- og kommunikasjonstilhøva dei siste ti åra. Britane reiser i all hovudsak til dei fem fylka Hedmark, Oppland, Buskerud, Telemark og Hordaland vinterstid. I åra mellom

2005 og 2008 var trafikken til Hedmark, Oppland og Telemark heilt stabil medan det var varierende trafikk til Hordaland. Trafikken til Buskerud gjekk markant ned. Vinteren 2009 svikta britane Norge. I Buskerud vart det t d berre registrert 16 000 britiske overnattingar og Hordaland vart ramma av full stopp i trafikken frå Storbritannia.

Her er det naudsynt å kome med ein kommentar til metodikken. Tala i tabell V10 er basert på Normalmånadskalkylar av britiske hotelldata for landet samla. Om vi gjer analysane på fylkesnivået og summerer data for dei viktigaste fylka, får vi tildels sterkt avvikande resultat for vintersesongen. Det syner seg at vinterferietrafikken frå Storbritannia ligg godt over det som går fram av oversiktstabellen. Tala for sommarsesongen blir ikkje påverka av kva metodealternativ som blir nytta. Dei alternative tala for vintersesongen går ut på stabil trafikk på omlag 90 000 overnattingar i 2005-2007, 80 000 overnattingar vinteren 2008 og 60 000 overnattingar vinteren 2009. Under desse summene ligg ein nedgang i Buskerud på 27 000 overnattingar frå 43 000 i 2005 til 16 000 i 2009. Nedgangen i fylket vart langt på veg erstatta av "tilfeldig"/forbigåande auke i vintertrafikken i andre fylke, men det kan også registrerast auke i britisk vinterferietrafikk utanom dei typiske vintersportsområda våre, t d i Troms.

Tala for Buskerud er av spesiell interesse av di dei, på godt og vondt, er prega av innsatsen for å få trafikk på den regionale flyplassen Dagali og av di det er tale om resultata av ein omfattande fylkeskommunal og kommunal innsats gjennom marknadsføringsselskapet Norcharter. Det ser ikkje ut til at Dagali har hatt mykje å seie korkje for dei imponerende trafikk tala regionen oppnådde fram til 2005 eller for nedgangen i åra etterpå. Om Norcharter har hatt like liten verknad er eit anna spørsmål, men det ser tvillaust slik ut.

Eit anna spørsmål er elles kva ferjesambanda over Nordsjøen har hatt å seie for britisk vinterferietrafikk til Norge. Nedlegginga av sambandet Kristiansand- Newcastle i 2006 synest ikkje å hatt verknader i det heile. Trafikknedgangen i Hordaland og Buskerud frå 2008 til 2009 er truleg påverka av at sambandet mellom Bergen/Stavanger og Nord-England vart lagt ned hausten 2008, men her må vel også finanskrisa vere medverkande? At Hedmark og Oppland greier seg betre enn dei andre vintertrafikkfylka og at det er auke i vintertrafikken til andre fylke skulle vel elles tilseie at det likk føre alternativ til Nordsjøferjer vinterstid. I den samanhengen ville det vore interessant å sett nærare på kvifor Norcharterregionen synest å ha gjort så lite for å kompensere bortfallet av ferjerutene.

Sommarferietrafikken frå Storbritannia heldt seg stabil mellom 210 000 og 260 000 overnattingar frå 1999 til 2006. Etter det ser vi ein svak nedgang år for år fram til 2008, men sjølv då heldt trafikken seg innan variasjonsområdet med 217 000 overnattingar. I 2009 kom det så ein smell på minus 84 000 overnattingar og ein relativ nedgang på 40%.

Det ligg ikkje føre granskingar av korleis britiske sommarturistar ter seg på Norgestur, men mykje talar for at dei skil seg ganske mykje frå dei andre viktige nasjonssegmenta, m a ved at det ikkje er særleg mykje bussgrupper å sjå. Ut frå overnatningsstatistikken kan vi slå fast at det heller ikkje er tale om mykje tradisjonelle hytteopphald. Britane er nesten fråverande i overnatningsstatistikken for hyttegrender i sommarsesongen. Geografisk er sommartrafikken konsentrert om fjordfylka som har omlag 55% av britiske overnattingar og hovudstaden med omlag 15%. Tek vi så med at omlag 10% av britiske sommarferieovernattingar i Norge vart registrerte i Nord-Norge, var det i 2009 berre att omlag 25 000 overnattingar å dele på i resten av landet. Det inneber m a at dalføra i Sør-Norge som normalt får ein monaleg del av rundreisetrafikken har liten trafikk frå det britiske sommarsegmentet. Det skulle tilseie at britane ikkje reiser på typiske rundreiser i landet vårt. Det er meir realistisk å snakke om regionale opphald i Oslo, Hordaland, Sogn og Fjordane og Nordland, med eit visst innslag av regionale rundturar i fjordfylka. Elles er det ganske påfallande at den britiske trafikken har eit

klart avvikande sesongmønster med mykje av trafikken tidleg på sommaren, i mai og juni, og heller mindre enn meir i månadene etterpå.

Det store spørsmålet om trafikken frå Storbritannia må elles vere å få avklart kor stor del av nedgangen som kan førast tilbake til nedlegginga av ferjesambanda i 2006 og 2008. Sidan det ikkje ligg føre granskningar må vi også her vere nøgde med nokre bokhalderøvingar. Det som står fast er at den ferjebaserte turismen frå Storbritannia til Norge gjekk ned frå eit ukjend nivå til 0. All trafikk i 2009 var flybasert. Om vi berre hadde visst kor stor del av trafikken sommaren 2008 som var flybasert, kunne vi utan vidare ha funne endringane også i den trafikken. Det synest klart at områda kring ferjebasane hadde større innslag av ferjebasert trafikk enn andre område. Dette gjeld særleg Nord-Norge som ligg for langt frå Bergen til at det er grunnlag for omfattande rundreiseprogram for ferjeturistar med eige køyretøy. Om vi difor seier at all britisk trafikk i Nordland er flybasert og at nedgangen i det fylket er representativ for marknadssegmentet, kan vi rekne oss tilbake til kor mange overnattingar flybaserte britiske turistar genererte i dei ulike regionar og fylke. Trafikken i Nordland var 15% høgare i 2008 enn i 2009. Om vi legg det endringstalet til grunn syner det seg at det sommaren 2008 genererte ferjebaserte britiske turistar 60 000 overnattingar i Norge. I 2009 var talet redusert til 0.  $\frac{3}{4}$  av nedgangen, 45 000 overnattingar, ramma Vestlandet. 25 000 ferjebaserte overnattingar vart borte i Hordaland og 15 000 i Sogn og Fjordane. I tillegg vart det altså borte 20 000 overnattingar knytte til flybasert britisk sommarferietrafikk. Halvparten av dette fell på fjordfylka, i all hovudsak på Hordaland og Sogn og Fjordane.

Den yrkesrelaterte trafikken frå Storbritannia voks frå knapt 300 000 overnattingar pr år ved årtusenskiftet til 430 000 i 2007 før han gjekk tilbake i dei to neste åra. For 2009 kan vi rekne oss til at det var 340 000 overnattingar med yrkesrelaterte formål. Knapt 40% av desse vart generert i Oslo, 20% i Rogaland og 15% i Hordaland, så det er tale om høg grad av konsentrasjon også i denne trafikken.

### **Langsam utfasing av ferietrafikken frå USA?**

Turisttrafikken frå USA har vore ei monaleg inntektskjelde for norske hotell i meir enn 50 år og nådde ein topp i 1980-åra med knapt 600 000 hotellovernattingar pr år. Det ligg ikkje føre data som syner kva reisesegment som gjer seg gjeldande, men analyse av nyare data tilseier at det i all hovudsak må ha vore tale om turistar som krysset Atlanterhavet i båt før dei la ut på rundreiser med buss gjennom heile Skandinavia, alt organisert og kontrollert økonomisk av internasjonale turoperatørar. Etter 1960 tok flyrutene over langtransporten og turoperatørane og dei lokale buss- og hotellaktørane kunne glede seg over ei monaleg trafikkauke. Med åra voks det også fram ei monaleg gruppe av "businessuristar" som vitja landet med sikte på kulturell, politisk og økonomisk aktivitet. Trafikkanalysar tyder på at det har vore tale om 10-15 000 amerikanske "yrkes"-overnattingar pr måned i norske hotell, i alle fall frå midten av 1980-åra, og at talet har halde seg stabilt like fram til i dag. Det kan ein diverre ikkje seie om ferie- og fritidstrafikken. Her syner overnattingstala at så mykje som 50 000 amerikanske turistar sto for 350 000 overnattingar i norske hotell i 1987. Sidan varierte talet på turistar mellom 25 000 og 40 000 pr år fram til 2005. Då var det som om botna fall ut marknaden. I 2005 sto 26 000 amerikanske ferieturistar for omlag 180 000 overnattingar. Etter det fall tala til 170 000 overnattingar i 2006, 150 000 i 2007 og 130 000 i 2008, før det i 2009 vart knapt 100 000 amerikanske ferie- og fritidsovernattingar i norske hotell. Det er berre å slå fast at amerikansk ferie- og fritidstrafikk til Norge i 2009 ligg på 1/3 av nivået det hadde for 10 år sidan.

I 2009 genererte amerikanske feriegjester, i hovudsak bussturistar på rundreise i Skandinavia, 37 000 overnattingar i Oslo, 23 000 i Hordaland og 16 000 i Sogn og Fjordane. Desse tre fylka oppnådde heile 70% av dei amerikanske ferieovernattingane i Norge dette året.

Oppland, Rogaland og Møre og Romsdal hadde omlag 5% av produksjonstala kvar. Vi gjennomførte egne studiar av engelskspråkleg turoperasjon med tilbod på turar til og i Norge, Norden og Nord-Europa i åra 1995-2003. Dei synte at halvparten av alle ferierelaterte hotellovernattingar var baserte på rundreiser med buss selde gjennom dei fem-seks turoperatørane vi hadde under lupa. Det skulle tilseie at omlag 7 000 amerikanske turistar tok del i bussrundturar i landet i 2009. Dei genererte omlag 50 000 overnattingar i landet (og eit tilsvarende tal i dei andre landa som typisk inngår i slike turprogram). Trafikken i dette segmentet har variert ganske mykje dei siste 15 åra, mellom omlag 20 000 turistar i 1998 til 10 000 i 2003 og 2008 før han nådde eit førebels minimum i 2009. Spørsmålet er om det er realistisk å tru på ein ny oppgang i trafikken i dette historisk sett viktige segmentet.

Det er ganske eksepsjonelt at så stor del av den amerikanske turisttrafikken skjer gjennom turoperatørar. Dei reduserer reiselivet i Norge til underleverandørar utan direkte kontakt med turistane og utan særleg påverknad av turinnhald, prisar og andre heilt vesentlege delar av produkttilbodet. Samstundes vil turoperatørane vere i den særstillinga at dei faktisk har Norgesreiser til sals. Dei kan tilby nye produkt, tilpasse etablerte tilbod, dei kan stimulere interessa for tilbodet og dei kan hauste erfaringar frå sal og gjennomføring av turtilboda. Vi har elles sett at studiar av praksisen til turoperatørane kan vere ei kjelde til aktuell innsikt.

### **Stabil låg trafikk frå middelhavslanda**

Dei siste tiåra har det vokse fram ein viss turisttrafikk frå middelhavslanda Frankrike, Spania og Italia. Det er ikkje tale om særleg store besøkstala, men på det meste har omlag 40-50 000 franskmenn (i åra 1999-2002), 35-40 000 spanjolar (2006-2007) og 25-30 000 italiendarar (2006-2007) vore på ferieopphald i Norge. Det er så godt som berre tale om sommartrafikk og berre 2-3% av overnattingane var lagt til hyttegrender. I 2009 var 60% av dei franske overnattingane, 65% av dei italienske og 75% av dei spanske ferieovernattingane lagt til hotell. Det ligg ikkje føre separate data for spørsmålet, men det er grunn til å rekne med at ein klar majoritet av hotelltrafikken er bussrundturar. Dei ferierelaterte hotellovernattingane har variert ganske mykje dei siste ti åra og kvar nasjonalitet har hatt særeigne utviklingsløp. Trafikken frå Frankrike gjekk ned med nesten 40% mellom 1999 og 2008, men sokk berre med 3% mellom 2008 og 2009. Trafikken frå Spania gjekk ganske kraftig opp mellom 1999 og 2007, men viste klar tilbakegang i 2008 og 2009. Då låg dei ferierelaterte hotellovernattingane 15% under nivået 10 år tidlegare. Ferierelatert hotelltrafikk frå Italia varierte mellom 85 000 og 110 000 overnattingar i perioden og låg i 2009 på middelverdien 100 000 overnattingar. Det skulle tilseie at 15 000 italiendarar var på rundreise i Norge sommaren 2009. Om alle hadde reist med buss og det hadde vore 50 turistar pr buss hadde det altså vore tale om 300 bussturar, ikkje meir, ikkje mindre. Tilsvarende tal for Frankrike var 140 000 hotellovernattingar eller omlag 23 000 turistar og 450 busslaster. Frå Spania kan det ha vore tale om omlag 400 busslaster med vel 20 000 turistar og 130 000 hotellovernattingar (på kvar sine 6-7 ulike stader).

Mellom 15 og 20% av hotellovernattingane for kvart av dei tre landa blir lagt i Nord-Norge. Oslo og Akershus tek 20% av dei spanske, 33% av dei italienske og 25% av franske ferierelaterte hotellovernattingane. Dette indikerer at svært mykje av trafikken er basert på flytransport. Vestlandsfylka tek heile 55% av dei spanske ferieovernattingane, 33% av dei italienske og 33% av dei franske og utgjer med det dei viktigaste bidragsytarane til denne trafikken.

Campingtrafikken frå dei tre landa har heldt seg stabilt på omlag 70 000 franske overnattingar og 45 000 italienske overnattingar dei siste ti åra, medan det er registrert ein auke frå 15 000 til 30 000 spanske campingovernattingar i løpet av observasjonsperioden. Om vi reknar at kvar eining (bil, bil og campingvogn eller bubil) omfattar tre personar på ein tur med seks

overnattingar i landet, var det altså tale om omlag 4 000 franske einingar, 2 500 italienske einingar og 1 300 spanske einingar i 2009.

Franske turistar kjøpte elles 9 000 overnattingar i hyttegrender og 10 000 overnattingar i vandrarheimar i 2009. Ser vi desse saman med campingovernattingane er det tale 90 000 overnattingar. Vel 20% vart lagt til Nord-Norge og 40% på Vestlandet.

Spanske turistar overnatta i 2009 3 000 netter i hyttegrender og 10 000 netter i vandrarheimar. Samla overnattingsvolum utanfor hotella kom opp i 40 000 overnattingar, 25 000 (63%) på Vestlandet og 8 000 (20%) i Nord-Norge.

Italienske turistar kjøpte 4 000 overnattingar i hyttegrender og 8 000 overnattingar i vandrarheimar i 2009. Når vi ser dette saman med campingovernattingane blir det 55 000 ferierelaterte overnattingar utanom hotella. Omlag 17 000 (30%) av desse vart lagt til Nord-Norge. Vestlandsfylka fekk omlag 20 000 overnattingar eller 35% av desse overnattingane som i all hovudsak vart gjort i sjølvstellsanlegg.

### **Trafikken i eit konkurranseperspektiv**

Turisttrafikken i Norge er ein del av eit større heile, t d trafikken i Norden, Vest-Europa eller heile verda. Skal ein vurdere konkurransedugleik, marknadsproblem og marknadspotensiale er det nyttig å dra denne dimensjonen inn i analysane. Tekniske/metodiske vanskar har ført til at det ikkje ligg føre særlig omfattande data for internasjonale turiststraumar. I 1988 gjennomførte eg ein analyse basert ein sektorrekneskap for utanlandsovernattingar i Vest-Europa i 1985. ”Rekneskapen” bygde på nasjonsfordelt statistikk for innkomande utanlandsturisme for alle viktige turistland i Vest- Europa.

Det synt seg vanskeleg å få samanliknbare tal for alle land, og det er ingen grunn til å skjule at totaltala vart litt omtrentlige, men dei gjorde det mogleg å få eit betre oversyn over hovuddraga i dei turiststraumane trafikken til landet er ein del av, og då må det vere lov å oversjå upresise detaljar. Prosjektet var likevel såpass vidløftig og arbeidskrevjande at eg ikkje har funne grunnlag for å repetere det her og nå. Mønsteret er neppe endra særleg mykje, og ikkje i noko høve så mykje at det rokkar ved hovudfunna frå 1985:

Samla nådde dei fem nordiske landa om lag 25 millionar overnattingar frå utlandet i 1985. Dette utgjorde 2,7% av alle registrerte utanlandsovernattingar i Vest-Europa. Om lag 10 millionar overnattingar kom frå dei andre nordiske landa.

Andelen av registrert trafikk frå ikkje-nordiske land varierte frå 1.1% (av overnattingar frå Storbritannia) til 2,7% (USA). Nordens andel av utanlandsovernattingar frå nordiske land låg mykje høgare, men varierte voldsamt. Nordmenn låg særst høgt, med 33% av utanlandsovernattingane i andre nordiske land. Danskane låg lågast (vi hadde ikkje data for islendingane) og la berre 10% av utanlandsovernattingane sine til Norden.

Vel 35% av all internasjonal overnatting i Norden gjekk føre seg i Danmark, medan Sverige hadde 30% og Norge om lag 20% av overnattingane. Dette gir Norge ein andel på 0,5% av alle registrerte utanlandsovernattingar i Vest- Europa. Andelen varierer frå 0,4% av nest-yske til 5% av danske overnattingar i utlandet.

### **Av detaljar i trafikken til Norden fann vi at**

- **franskmenn** la 1,3% av sine overnattingar utanlands til Norden og spreiar dei godt på dei ulike landa. Norge fekk om lag 30% av overnattingane og sto for 0,4% av registrerte franske overnattingar i utlandet



- **nederlendarane** la 2,3% av sine overnattingar i utlandet til Norden. Danmark og Sverige hadde størst andel av desse, men om lag 20% vart lagt til Norge. Dermed utgjorde overnattingane i Norge 0,5% av registrerte overnattingar frå Nederland.
- **britane** la berre 1,1% av sine utanlandsovernattingar til Norden. 35% av desse (0,4% av registrerte britiske utanlandsovernattingar) vart lagt til Norge.
- **vest-tyskarane** la 2,4% av registrerte utanlandsovernattingar til Norden. Berre 15% av desse gjaldt Norge (55% i Danmark og vel 20% i Sverige). Det gav Norge ein marknadsandel på 0,4% av registrerte vest-tyske utanlandsovernattingar.
- **amerikanarane** la 2,7% av sine overnattingar i Vest- Europa til nordiske land. Av dette fekk Norge knappe 30%, omlag likt med Danmark og litt meir enn Sverige. Talet gav Norge ein andel på 0,8% av alle amerikanske overnattingar i Vest-Europa.

Trafikkstraumane **innan** Norden kan oppsummerast slik:

- **danskane** la vel 10% av registrerte overnattingar i utlandet til andre nordiske land. Nær 50% (5% av "alle" danske utanlandsovernattingar) av desse vart lagt til Norges og 40% i Sverige.
- **finnane** la 15% av utanlandsovernattingane i Norden. 60% av overnattingane i nordiske land vart lagt til Sverige og berre 17% i Norge. Trafikken til Norge utgjorde knappe 3% av registrerte finske overnattingar i utlandet.
- **svenskane** la vel 15% av registrerte utanlandsovernattingar i andre nordiske land. Nær 50% av desse overnattingane vart lagt i Danmark og om lag 25% i Norge. Dette gav Norge ein andel på knappe 5% av den svenske "marknaden for overnattingar utanlands i Vest-Europa".
